Volda kommune

Konkurransegrunnlag

Rammeavtale for graving, massetransport og trefelling

Anskaffing etter forskrift om offentlege anskaffingar del I og del II

Arkivreferanse: 26/1978

Innhald

1 Generell informasjon ... 3
1.1 Oppdragsgjevar ... 3
1.2 Anskaffingsgjenstanden ... 3
1.3 Estimert verdi ... 3
1.4 Konkurransegrunnlaget ... 3
2 Reglar for gjennomføring av konkurransen ... 4
2.1 Anskaffingsprosedyre ... 4
2.2 Dialog ... 4
2.3 Kommunikasjon ... 4
2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar ... 4
2.5 Deltilbod og alternative tilbod ... 4
2.6 Avvising ... 5
2.7 Tidsramme ... 5
2.8 Teieplikt ... 5
2.9 Tilbodskostnadar ... 5
2.10 Vedståingsfrist ... 6
2.11 Tal på leverandørar det vil bli inngått avtale med ... 6
2.12 Krav om bruk av lærlingar ... 6
2.13 Skatteattest ... 6
2.14 Underleverandørar ... 6
3 Tilbodskonferanse ... 6
4 Kvalifikasjonskrav ... 7
4.1 Leverandørens registrering, autorisasjonar mv. ... 7
4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet ... 7
4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar ... 7
4.4 Stadfesting på at kvalifikasjonskrava er oppfylte ... 8
4.5 Stønad frå andre verksemder ... 8
5 Tildelingskriterium ... 8
6 Unntak frå krav om å bruke miljø som tildelingskriterium ... 9
7 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming ... 9
7.1 Innlevering av tilbod ... 9
7.2 Utforming av tilbodet ... 10

1 Generell informasjon

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Volda kommune ved sektor for Samfunnsutvikling.

Kontaktperson hjå Oppdragsgjevar er:

Namn:	Andreas Kiperberg
E-post:	Andreas.kiperberg@volda.kommune.no

For meir informasjon om oppdragsgjevar visast det til heimesida www.volda.kommune.no.

1.2 Anskaffingsgjenstanden

Rammeavtalen gjeld kjøp av tenester knytt til graving, transport av masser og trefelling, inkludert tilhøyrande arbeid. Nedanfor følgjer ei oversikt over oppdrag som typisk er aktuelle for Kunden (lista er ikkje uttømmande):

- Graving ved vasslekkasje
- Utskifting av kum
- Utskifting av leidningsstrekk
- Graving av grøft, inkludert grøftereinsk
- Fjerning av gamle oljetankar
- Drenering av bygg og objekt
- Arbeid i forbinding med ekstremvær
- Deponering av masser som oppstår i forbindelse med gravingsaktivitet
- Skifte av stikkleidning gjennom veg
- Felling av tre og annan vegetasjon
- Graving og utføring av mindre vegarbeid

Oppdraga kan både vere planlagde med avtalt tidspunkt, og akutte som må løysast omgåande.

Vidare inkluderer avtalen beredskap ved ferieavvikling hjå Kunden. Dette er nærare beskrive i Rammeavtalens Vedlegg 3 punkt 5 «*Beredskap gjennom Kundens ferieavvikling*».

1.3 Estimert verdi

Oppdragsgjevar estimerer eit totalt forbruk på omtrent 8 – 12 MNOK i løpet av maksimal avtaleperiode på fire år.

På grunn av at det kan oppstå uventa behov for bistand knytt til avtalen undervegs settast det ei øvre grense på 16 MNOK for rammeavtalen.

1.4 Konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av følgjande dokumentasjon:

Vedlegg	Dokumentasjon
Hovuddokument	Konkurransegrunnlag
Vedlegg 1	Tilbodsbrev
Vedlegg 2	Rammeavtale graving og massetransport
	- Rammeavtalen Generell avtaletekst

	- Rammeavtalen Vedlegg 1 - Overordna beskriving av rammeavtalens gjenstand, og oversikt over oppdragsgjevarar som kan tildele kontrakt under rammeavtalen
	- Rammeavtalen Vedlegg 2 - Prosedyre for tildeling av kontraktar på rammeavtalen
	- Rammeavtalen Vedlegg 3 - Administrative vilkår
	- Rammeavtalen Vedlegg 4 - Samla pris og prisvilkår - *Vedlegg 4, bilag 1 «Prisskjema»*
	- Rammeavtalen Vedlegg 5 - Kravspesifikasjon
	- Rammeavtalen Vedlegg 6 – Seriøsitetskrav
	- Rammeavtalen Vedlegg 7 - Mal for endringar
	- Rammeavtalen Vedlegg 8 – Avropsskjema direkte avrop
	- Rammeavtalen Vedlegg 9 – Avropsskjema minikonkurranse

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført som open tilbodskonkurranse i samsvar med lov av 17. juni 2016 nr. 69 om offentlege anskaffingar (LOA) og forskrift av 12. august 2016 nr. 974 om offentlege anskaffingar (FOA) del I og del II.

2.2 Dialog

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda.

Dialog kan likevel bli gjennomførte dersom Oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottekne, vurderer det som føremålstenleg. Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å redusere talet på tilbodet det vert gjennomført dialog om. Utveljinga av tilbod vil i så tilfelle bli gjort etter ei evaluering av første tilbod opp mot tildelingskriteria. Det gjerast likevel oppmerksam på at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt, og leverandørane oppfordrast difor om å levere sitt beste tilbod.

2.3 Kommunikasjon

Leverandør vert oppfordra til å ta kontakt i god tid før tilbodsfristens utløp dersom han finn uklarheiter, feil, mangelfull informasjon eller forhold som leverandør ikkje kan akseptere i konkurransegrunnlaget.

Spørsmål og kommentarar til konkurransegrunnlaget skal framstillast skriftleg via KGV. Førespurnadar som kjem til Oppdragsgjevar gjennom andre kanalar vil ikkje svarast på eller takast til følgje. Svar på spørsmål og opplysningar som vert gjevne på førespurnad vert anonymisert og formidla til alle aktørar som har registrert si interesse for konkurransen. Spørsmål og svar er ein del av konkurransegrunnlaget.

2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar

Oppdragsgjevar kan foreta rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege fram til tilbodsfrist.

2.5 Deltilbod og alternative tilbod

Det er ikkje anledning til å inngi tilbod på berre delar av leveransen, og det er heller ikkje anledning til å levere alternative tilbod.

2.6 Avvising

Manglande oppfylling av kvalifikasjonskrava vil medføre avvising av leverandøren.

Atterhald og avvik i innleverte tilbod vil kunne føre til avvising av tilbodet. I staden for å gje tilbod med atterhald eller avvik, bør leverandør stille spørsmål undervegs i konkurransegjennomføringa.

Atterhald og avvik skal vere presise og eintydige, og skal takast inn i tilbodsbrevet slik at Oppdragsgjevar kan vurdere dei utan kontakt med leverandør. Vesentlege atterhald og avvik, som kan medføre tvil om korleis tilboda skal vurderast i høve dei andre tilboda, vil føre til at tilbodet vert avvist.

Elles gjeld anskaffingsregelverkets avvisingsreglar.

2.7 Tidsramme

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsplan:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	17.08.2026 - kl.12:00
Frist for å levere tilbod	24.08.2026 - kl.12:00
Tilbodsopning og evaluering	Rett etter tilbodsfrist
Karensperiode	10 verkedagar
Kontraktsinngåing	Rett etter karensperiodas utløp
Vedståingsfrist for tilbodet	01.11.2026

Alle fristar etter fristen for å levere tilbod er tentative, og kan endrast av Oppdragsgjevar etter behov.

2.8 Teieplikt

For allmennheita sitt innsyn i dokument knytt til denne anskaffinga, gjeld offentleglova, jf. FOA § 7-3. Oppdragsgjevar pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar, eller drifts- og forretningsforhald som kan vere forretningshemmelegheiter, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19.mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikta i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Leverandørane oppfordrast til å levere ei oversikt over kva for opplysningar dei meiner er unnateke innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er friteken frå teieplikt i høve opplysningar som ikkje er særskild identifisert som teiepliktige i leverandøren si opplisting.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane leverandøren har lista opp er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

2.9 Tilbodskostnadar

Leverandør dekker sjølv sine tilbodskostnadar.

2.10 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet fram til det tidspunktet som er oppgitt i tabellen i punkt 2.7 «*Tidsramme*» ovanfor.

2.11 Tal på leverandørar det vil bli inngått avtale med

Oppdragsgjevar vil inngå parallelle rammeavtalar med dei 3 – 6 leverandørane som leverer dei beste tilboda, basert på mengda innkomne tilbod og ei vurdering av kva som er hensiktsmessig.

Det gjerast oppmerksam på at Oppdragsgjevar stiller krav om at alle oppdrag i hovudsak skal utførast av leverandøren sjølv, jf. Rammeavtalens Vedlegg 3 punkt 10.1.

2.12 Krav om bruk av lærlingar

Oppdragsgjevar vil i kontrakten stille krav om at leverandør er medlem i ei lærlingordning.

For leverandørar som ikkje er medlem i lærlingordning ved tilbodsfrist, stillast det krav om at dei knytt seg til ei lærlingordning innan 6 månader etter kontraktsinngåing.

Sjå Rammeavtalens Vedlegg 5 «*Kravspesifikasjon*» for meir informasjon om krav til lærlingar.

2.13 Skatteattest

Alle norske leverandørar skal levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist.

Ved bygge- og anleggskontrakter skal leverandøren tilsvarande krevje skatteattest frå alle underleverandørar ved inngåing av avtalar i knytt til denne anskaffinga, som overstig ein verdi på 500.000,- ekskl. mva. Brot på leverandørens plikt til å krevje skatteattest gir oppdragsgjevar rett til å krevje at leverandøren erstattar aktuelle underleverandør med ein underleverandør som kan levere skatteattest. Oppdragsgjevar kan tilsvarande krevje at leverandøren erstattar ein underleverandør som ikkje har oppfylt sine forpliktingar til å betale skatt og avgift.

2.14 Underleverandørar

Leverandør skal ikkje ha meir enn to ledd i leverandørkjeda under seg. Dersom leverandøren i sitt tilbod inkluderer leveransar frå andre leverandørar, skal leverandøren stå ansvarleg for desse når det gjeld oppfylling av kontrakten med oppdragsgjevar.

Kva underleverandør som skal nyttast skal opplysast i tilbodet. For underleverandørar gjeld same krav til kvalifikasjonar som for hovudleverandør. Underleverandør skal leggje fram dokumentasjon på skatteattest på spørsmål frå oppdragsgjevar.

3 Tilbodskonferanse

Det vert haldt elektronisk tilbodskonferanse via Microsoft Teams 10. august frå 09.30 – 11.00. Påmelding skjer via melding i KGV.

Det vil bli ført referat frå konferansen. Dersom det blir stilt spørsmål til konkurransegrunnlaget under konferansen, vil spørsmål og svar takast inn i referatet. Leverandørane blir oppfordra til å sende inn eventuelle spørsmål skriftleg i framkant. Referatet vil bli distribuert til alle registrerte leverandørar, og dette vil inngå som ein del av konkurransegrunnlaget.

4 Kvalifikasjonskrav

4.1 Leverandørens registrering, autorisasjonar mv.

Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske leverandørar: Firmaattest Utanlandske leverandørar: attest for registrering i faglege register som bestemt i tråd med lovgjevinga i det landet leverandøren er etablert.

4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Leverandøren skal ha ein økonomi som er tilfredsstillande nok til å kunne gjennomføre sine kontraktsforpliktingar.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Denne skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive med slik verksemd. Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å sjølv innhente kredittvurdering av leverandøren. Nyetablerte selskap som ikkje har opparbeidd grunnlag for kredittvurdering må leggje ved erklæring frå bank, revisor eller liknande finansieringsinstitusjon vedkomande føretaket si økonomiske og finansielle stilling. Dersom leverandør har sakleg grunn til å ikkje legge fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar krev, for eksempel dersom han meiner at informasjonen ikkje gir eit korrekt bilete av den økonomiske situasjonen til leverandør, kan leverandør dokumentere sin økonomiske og finansielle stilling ved å leggje fram andre dokument som oppdragsgjevar ser som eigna.

4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kompetanse og erfaring til å gjennomføre kontrakten på ein tilfredsstillande måte.	Leverandør skal levere ei oversikt med inntil 5 liknande leveransar som leverandøren har utført i løpet av dei siste 5 åra. Oversikta skal innehalde opplysningar om kontraktanes verdi, tidspunkt for levering eller utføring og namn på mottakar. Ansvarleg kontaktperson hjå leverandør og kunde skal kome tydeleg fram og inkludere telefonnummer.
Leverandøren skal oppfylle krava til kompetanse og erfaring (inkludert utdanning) i SAK10 som ligg til grunn for å kunne erklære ansvarsrett i følgjande tiltaksklasser: **Tiltaksklasse 1:**	Dersom leverandør ikkje har sentral godkjenning for ansvarsrett, må det leggjast ved dokumentasjon på at leverandør oppfyller krav for aktuelle fagområde tiltaksklasser: - Kvalitetssikringsrutinar, jf. SAK10 kapittel 10 - Utdanning og praksis, jf. SAK10 kapittel 11

- Utføring av innmåling og utstikking av tiltak **Tiltaksklasse 2:** - Utføring av veg- og grunnarbeid - Utføring av vassforsynings- og avløpsanlegg	

4.4 Stadfesting på at kvalifikasjonskrava er oppfylte

Leverandøren skal i tilbodsbrevet bekrefte at kvalifikasjonskrava er oppfylte. Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava skal ikkje sendast inn saman med tilbodet.

Oppdragsgjevar vil etterspørje dokumentasjon som angitt i kolonne C frå vald leverandør, seinast før kontrakt signerast. Oppdragsgjevar kan kva tid som helst i konkurransen etterspørje dokumentasjon som angjeve i kolonne C frå alle deltakarar i konkurransen.

4.5 Stønad frå andre verksemder

Dersom ein leverandør ønskjer å støtte seg på ei anna verksemd sine kvalifikasjonar for å oppfylle eitt eller fleire kvalifikasjonskrav knytt til enten leverandørens tekniske eller faglege kvalifikasjonar, eller leverandørens økonomisk og finansielle stilling, skal det opplysast om dette i tilbodsbrevet. **Dette gjeld også for krav om tiltaksklasse. Dersom leverandør sjølv ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava knytt til ei eller fleire tiltaksklasse, står han fritt til å bruke underleverandør for dette.**

Dokumentasjon frå underleverandøren på at han oppfyller dei aktuelle kvalifikasjonskrava skal ikkje leverast som ein del av tilbodet, men leverast seinast før kontraktsignering. **Leverandøren må likevel opplyse om alle underleverandørar han støttar seg på i tilbodsbrevet. Dette gjeld også krav om tiltaksklasse.**

5 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet:

Tildelingskriterium	Vekt	Vurderingstema og dokumentasjon
Pris	100 %	Leverandør skal fylle ut alle prispostar i Rammeavtalen Vedlegg 5, Bilag 1 «*Prisskjema*». Prisen på opsjonar inngår ikkje i evalueringa, jf. tabell «*O6 Opsjon*». Det er heller ikkje eit krav om at leverandør tilbyr ytingar i tråd med opsjonane. Ved samanlikninga av tilbod vil Oppdragsgjevar bruke ein forholdsmessig modell.

6 Unntak frå krav om å bruke miljø som tildelingskriterium

Det følgjer av FOA § 7-9 (2) at Oppdragsgjevar skal vekte klima- og miljøomsyn med minimum 30 %, med mindre det er klart at klima- og miljøkrav gir ei betre klima- og miljøeffekt, jf. FOA § 7-9 (4). Då kan Oppdragsgjevar stille minstekrav til miljø i staden for å bruke det som tildelingskriterium.

I denne anskaffinga er miljøavtrykket primært knytt til bruk av anleggsmaskinar sidan avtalen ikkje omfattar kjøp av verken materiell eller omfyllingsmassar. Ved å stille krav til motortype for anleggsmaskinene vil Oppdragsgjevar oppnå betre miljøeffekt enn å ha det som tildelingskriterium sidan ein då sikrar godkjente utsleppskrav. Det gjerast i denne samanheng merksam på at det ikkje er realistisk med bruk av utsleppsfrie maskinar. Årsaka er både at ingen aktuelle leverandørar i marknaden har utsleppsfrie maskinar, og at arbeid skal utførast over heile kommunen utan ladeinfrastruktur.

På bakgrunn av dette inneheld kontrakten følgjande miljøkrav:

- Alle fossile lastebilar/tippbilar som leverandøren bruker på oppdrag for Kunden skal ha minimum Euroklasse 6
- Alle fossile gravemaskinar som Leverandøren bruker på oppdrag for Kunden skal som minimum tilfredsstille utsleppskrava i Stage IV i EUs direktiv om Non-Road Mobile Machinery
- Leverandør skal alltid bruke den mest miljøvennlege anleggsmaskina der har tilgjengeleg innan aktuell kategori og vektklasse på oppdrag for Kunden
- Alle gravemaskiner frå fem tonn og oppover som nyttast i Oppdrag for kunden, uavhengig av kategori, skal ha Autostopp
- Tomgangskøyring skal ikkje førekomme på Kundens anleggsstad.

7 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

7.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via KGV, og skal innehalde all nødvendig dokumentasjon.

Innlogging/registrering skjer via eu-supply.com

Ved spørsmål om bruk av KGV, kontakt brukarstøtte på telefon +47 23 96 00 10 eller e-post kgv@eu-supply.com

Tilbodet skal vera datert og signert av ansvarleg representant.

Leverandør har ansvar for at oppdraget er forstått, og at tilbodet er komplett og korrekt utforma i samsvar med konkurransereglane. Det er leverandør som ber risikoen for å verte avvist frå konkurransen.

Tilbodet skal leverast på norsk.

Dersom tilbodet inneheld opplysningar som er unnateke offentlegheita, oppfordrar oppdragsgjevar til å også levere ein sladda versjon av tilbodet. Sladding skal gjerast i samsvar med Offentleglova.

7.2 Utforming av tilbodet

Leverandørens tilbod skal bestå av følgjande dokumentasjon:

- Ferdig utfylt tilbodsbrev, jf. Vedlegg 1 til konkurransegrunnlaget.
- Ferdig utfylt Rammeavtalen Vedlegg 3 «*Administrative vilkår».*
- Ferdig utfylt Rammeavtalen Vedlegg 4, Bilag 1 «*Prisskjema».*
- Ferdig utfylt Rammeavtalen Vedlegg 5 «*Kravspesifikasjon».*
- Ferdig utfylt Rammeavtalen Vedlegg 6 «*Seriøsitetskrav»*
- Skatteattest i tråd med dette dokumentet punkt 2.12 «*Skatteattest»*.

Alle felt som leverandørane skal svare på er markert i blått. Dokumenta leverandøren skal svare på er i word- format. Andre dokument er i PDF.